



Kommunereform i Sunnfjord og Ytre Sogn

Kommunall- og moderniseringsdepartementet
v/ statsråd Jan Tore Sanner
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
15/497-17-ØH-FE - 002

Dato:
19.01.2016

Kommunereform i Sunnfjord og Ytre Sogn, utsett frist for vedtak

Kommunane Jølster, Førde, Gaular, Naustdal, Flora, Fjaler, Askvoll, Hyllestad og Solund har sidan november 2014 saman arbeidd aktivt omkring spørsmålet om endra kommunestruktur i regionen.

I 2015 har følgjande hovudaktivitetar blitt gjennomført:

- Utarbeiding av 3 utgreiingar
 - Storkommune – utfordringar og moglegheiter
 - Politisk og administrativ organisering
 - Analyse og kartlegging innan økonomi
- Forhandling omkring 4 intensjonsavtalar
 - Storkommune som femnar om alle kommunane
 - Kommunane Flora, Naustdal, Jølster, Gaular og Førde
 - Kommunane Naustdal, Jølster, Gaular og Førde
 - Kommunane Hyllestad, Solund, Fjaler og Askvoll
- Innbyggjarundersøking blant ca 4 000 innbyggjarar over 18 år
- Omfattande informasjons- og medverknadsarbeid.

Dei kommunane som gjer vedtak om å gjennomføre rådgjevande folkerøysting vil avvikle denne 04.04.16.

Den siste brikka som er av vesentleg verdi for kommunestyra er inntektssystemet. Dette er no ute på høyring, og kor endeleg avgjerd er venta i juni 2016. For å sikre at kunnskapen omkring framtidige inntekter er tilstrekkeleg god blant kommunestyra i vårt samarbeid, ber styringsgruppa om at det blir vurdert utsett frist til 01.10.16 for kommunane.

Med helsing

Olve Grotle
Ordførar Førde kommune
Leiar av styringsgruppa

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.